



# DEN NORSKE KYRKJA

Ungdommens kyrkjemøte 2010

*Fra*  
*protokollen*



## SAK UKM 06/10 - FORANKRING AV DET KYRKJELEGE UNGDOMSDEMOKRATIET

### Bakgrunn

UKM 2009 tok til orde for at ungdomsstrukturen i Den norske kyrkja skal formaliserast gjennom lovfesting og forankring av den eksisterande strukturen med UKM, Ufung, Ungdomsting og Ungdomsråd.

UKM 2010 har handsama dette spørsmålet i lys av ei gjennomført kartlegging av den eksisterande strukturen. Sjølvom mykje er på plass ser UKM behovet for ei sterkare forankring av ungdomsstrukturen. UKM vil framleis påpeike behovet for å lovfeste ungdomsstrukturen, samstundes som ein ser behovet for å ta grep som sikrar at strukturen står sterkare på eigne bein.

Det går to linjer gjennom kyrkja sin ungdomsstruktur; langs den eine linja deltek unge i kyrkja sine formelle organ som sokneråd, fellesråd, bispedømeråd og Kyrkjemøte. Her har unge medråderett og deltek i demokratiske prosessar. Unge er på denne måten representert, og dei kyrkjelege rådsorgan speglar kyrkja si medlemsmasse. I den andre linja deltek unge gjennom den etablerte ungdomsstrukturen i UKM, Ufung, Ungdomsting og Ungdomsråd. I denne strukturen er rammene noko friare, premissane er dei unges og for mange fungerer dette som ein "demokratiskule" der ein får tillit og ansvar gjennom ein læringsprosess.

Begge desse linjene er naudsynte. Dei både utfyller og føreset kvarandre. Dette finn ein og igjen i Bakkevig II: *Formalisering av en egen ungdomsstruktur i kirken skal ikke erstatte representasjon av ungdom i kirkens valgte organer, men fungere rekrutterende, som opplæring i demokrati og som viktige høringsinstanser som skal sikre at ungdommens stemme blir hørt i kirken.*

### Lovfesting av ungdomsdemokratiet

UKM ønskjer at ungdomsstrukturen vert lovfesta. Rådsstrukturen elles i Dnk, slik som sokneråd, kyrkjeleg fellesråd, bispedømeråd, Kyrkjeråd, Kyrkjemøte og bispemøte er lovfesta gjennom Lov om Den norske kyrkja (kyrkjelova). I tillegg er Mellomkyrkjeleg råd og Samisk kyrkjeråd oppnemnt

### Fakta

*9 av 11 bispedøme har ungdomsrådgjever*

*Alle 11 bispedøme har Ungdomsråd og gjennomfører årlige Ungdomsting*

*UKM vart arrangert første gong i 1993, årleg sidan 2004*

*Ufung vert delvis valt av UKM og delvis oppnemnt av direktøren i Kyrkjerådet, og arbeider mellom UKMmøta*

*4 representantar frå UKM deltek kvart år på Kyrkjemøtet med tale- og forslagsrett*

### Ordforklaringar

*UR: ungdomsråd*

*UT: ungdomsting*

*UKM: ungdommens kyrkjemøte*

*Ufung: utval for ungdomsspørsmål*

*SR: sokneråd*

*BDR: bispedømeråd*

*KM: Kyrkjemøte*

*DNK: Den norske kyrkja*

av Kyrkjemøtet for særskilt å arbeide med høvesvis Den norske kyrkja sine internasjonale og økumeniske saker, og for samisk kyrkjeliv.

UKM meiner ein naturleg veg å gå for ungdomsdemokratiet er å gje dette plass der den formelle kyrkjestrutturen elles er skildra. Ei lovfesting vil styrke og tydeleggjere kyrkja si satsing på unge. Det vil vere med å sikre at det vert sett av tilstrekkeleg med økonomiske og personellmessige ressursar både sentralt og regionalt. Ei lovfesting av ungdomsdemokratiet med tilhøyrande mandat vil og formelt vere med å auke dei unges innverknad og makt.

Den norske kyrkja sin formelle struktur er i endring. Gjennomføring av demokratireforma opnar opp for ei meir sjølvstendig kyrkje. Stortinget skal venteleg våren 2012 legge nye rammer for Den norske kyrkja. I ei slik "ny" kyrkje skal struktur og ordningar gjennomgås på nytt, dette arbeidet har allereie starta. UKM vil med denne saka adressere det pågåande arbeidet med ny kyrkjeordning, og bed Ufung syte for at direktøren i Kyrkjerådet si arbeidsgruppe - som skal levere ferdig utkast innan juni 2011 - er orientert om UKM sine synspunkt i denne saka. UKM forventar i tillegg å verte høyrte før saka endeleg skal fremjast for Kyrkjemøtet.

Sjølvom UKM med dette tilrår ei framtidig lovfesting, vil vegen fram dit måtte ta noko tid med tanke på dei nemnde prosessane som allereie er igang i høve endra relasjonar mellom stat og kyrkje. UKM vil difor i denne omgang løfte fram nokre viktige demokratiske prinipp. Desse prinsippa vil vere sentrale både i høve forankring og lovfesting av ungdomsstrutturen.

## **Forankring av ungdomsstrutturen**

For å styrke forankringa til ungdomsstrutturen, gjer UKM framlegg om nokre tiltak som tydeleggjer funksjonen til ungdomsdemokratiet. Dette gjeld tilhøvet mellom det lokale og regionale, mellom det regionale og sentrale, samt tilhøvet mellom ungdomsråda i bispedøma og BDR.

Ungdomsstrutturen må ha ei lokal forankring. UKM ønskjer at delegatane som vert sendt frå den lokale kyrkjelyden/organisasjonen til UT, formelt skal vere valt i eit vedtak av sitt respektive sokneråd/organisasjonsstyre. Når delegatane kjem attende frå UT skal dei orientere soknerådet/organisasjonen om UT. Dette vil styrke sokneråda/organisasjonane sine tilhøve til og forståing av ungdomsdemokratiet.

UKM ser det som naturleg at BDR har eit forvaltningsansvar for demokrati i sitt bispedøme, og at ungdomsdemokratiet er ein sjølvstøtt del av dette. UKM forventar at alle BDR prioriterer saksfeltet ungdomsdemokrati ressursmessig på bispedømekontora. Å halde kontakten med dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane vil og vere ein opplagt del av det demokratiske arbeidet.

I kartleggingsprosessen som etterfølgte UKM-vedtaket i 2009 er det fleire som peikar på at tilhøvet mellom UR og BDR kunne vore sterkare. UKM meiner at det kvart år skal finne stad minst eit felles møtepunkt mellom BDR og UR. UKM meiner at ein frå kvart BDR vert innkalt og stiller med alle retttar til møta i UR. Vidare meiner UKM at det vil vere til både BDRs, URs og UTs fordel om alle medlemmer av BDR under 30 år møter på UT med alle retttar.

UKM vil og minne om at alle møta i BDR i utgangspunktet er opne møter, og ein kan følgje diskusjonen sjølv om ein ikkje er invitert spesielt.

UKM meiner at UT må arrangerast årleg, der både kyrkjelyden og dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane vert invitert. UR skal veljast på UT, av og blant delegatane. Bispedøma er eit

mellomledd i spennet mellom det lokale og sentrale, og bør ha blikket vendt begge retningar samstundes. Eit av tiltaka UKM føreslår i den samanheng er at alle UT bør sender protokollen frå UT til både sokneråda i sitt bispedøme, så vel som til Kyrkjerådet ved Ufung til orientering!

UR, som eit demokratisk organ valt på UT, må ha tilstrekkeleg mange møtepunkt slik at arbeidet i rådet vert ivareteke på ein god måte. Eit årleg møtepunkt mellom UR og biskopen er og eit særskilt godt høve til å sette ungdomsdemokratiet på sakskartet. Folk høyrer etter når biskopen talar, og UKM ønskjer med dette alle biskopane si hjelp til å nå ut til kyrkjelydane med informasjon om arbeidet som vert gjort.

Kartlegginga syner at det kan vere vanskeleg å organisere UT i bispedøma slik at dette står i ein naturleg samanheng med UKM, og at ei viss samkjøring av saker hadde vore ønskjeleg. UKM vil derfor be Ufung om å prøve følgjande modell for å gje UT høve til å handsame sakene før dei sender sine delegatar til UKM: På det aktuelle UKM lanserast eit tema som blir sak på det påfølgjande årets UKM. Denne saka tek delegatane med attende til UR som får frie tøyler med tanke på korleis dei handsamar temaet. Handsaminga og vedtaket-/a blir sendt Ufung før ferdigstilling av sakspapira til UKM. Viss mogleg ønskjer UKM at dette er ein sak som skal på Kyrkjemøtet. UKM bed Ufung legge til rette for at val av tema blir ein prosess der det regionale leddet involverast og har medraderett.

UKM har i sak 07/10 uttalt ønskje om eit samisk ungdomsutval på nasjonalt nivå. UKM vil i denne samanheng understreke behovet for at eit slikt ungdomsutval skal ha særskilt ansvar for og erfaring frå samiske kyrkjeliv. Ansvar dei sentralkyrkjelege råd har for samisk kyrkjeliv bør og takast på alvor i ein ungdomsdemokratisk samanheng.

Ufung er samansett av fire representantar valt av UKM og fire representantar oppnemnt av direktøren i Kyrkjerådet. Slik det fungerer i praksis no, vert det valt fire representantar til Ufung annakvart år. UKM ønskjer ein syklus der det vert valt to og oppnemnt to kvart år, for å gje alle tilgang til å stille til val til Ufung, og samstundes tilføre ein kontinuitet som i dag vert opplevd som noko sporadisk i UKM. I forlenginga av dette ber og UKM UR om å etterfølgje nokre av dei bispedøma som i dag prøver å oppnå ein viss kontinuitet på UKM ved å sende ein som ikkje har vore på UKM før og ein som har vore der tidlegare. Dette er naturlegvis ikkje alltid mogleg, men vil vere tenleg nettopp for å etterstrebe kontinuiteten.

### **UKM oppmodar:**

UKM vender seg til **Kyrkjerådet** med oppmoding om at UKM sine synspunkt om lovfesting av ungdomsdemokratiet vert gjort kjent i arbeidet med ny kyrkjeordning.

Vidare vil UKM vende seg til **bispedømeråda**, med oppmoding om at dei fattar formelle vedtak der både mandat til UR og UT samt personell- og økonomiressursar til UR-stilling, skal vere med å sikre at ungdomsdemokratiet har gode vilkår regionalt og lokalt.

UKM vender seg og til **barne- og ungdomsorganisasjonane** med oppmoding om å prioritere sending av delegatar til UKM og UT.

Til slutt, men ikkje mindre viktig: UKM ønskjer å vende seg til **sokneråda** med oppmoding om at det å sende delegatar til UT vert ei prioritert sak, og at ungdomsdemokratiet på denne måten er godt forankra i Den norske kyrkja si grunneining; soknet.

38 røysteføre  
samrøystes vedteke